



Bacheloroppgave

SAE00 Sykepleie

Terapeutisk bruk av musikk ved åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens: eit systematisk litteraturstudium

Therapeutic use of music on behavioral and psychological symptoms in dementia: a systematic literature review

Carmela Toft Ambrogio og Sara Hydle Rivedal

Totalt antall sider inkludert forsiden: 78

Molde, 16.12.2011



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Rettleiar: Ragnhild Sættem

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 08.11.2011

Antal ord: 12 533

Samandrag

Bakgrunn: I Noreg er det om lag 66 000 personar som har demens. Ein ventar at dette talet vil doblast innan år 2040, noko som vil by på utfordringar i helsevesenet (Helse- og omsorgsdepartementet 2007). Hjå dei fleste pasientar med demens vil det før eller seinare oppstå åtferdsmessige og psykologiske symptom (Rokstad 2008a, 27-45). Terapeutisk bruk av musikk er kanskje det ikkje-medikamentelle tiltaket på sjukeheimar som er mest utbreidd og best utforska (Myskja 2005).

Hensikt: Hensikta med dette systematiske litteraturstudiet var å undersøkje korleis musikk kan nyttast på ein terapeutisk måte i møte med pasientar i sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens.

Metode: Oppgåva er eit systematisk litteraturstudium. Studiet byggjer på fire kvalitative og ti kvantitative forskingsartiklar.

Resultat: Individualisert musikk, song under stell og musikkaktivitetar i gruppe såg ut til å ha positiv innverknad på åtferdsmessige og psykologiske symptom hjå pasientar med demens. Førekomsten av agitert åtferd, apati, angst og depresjon såg ut til å kunna reduserast ved terapeutisk bruk av musikk.

Konklusjon: Resultata i dette systematiske litteraturstudiet tydar på at terapeutisk bruk av musikk er eit verknadsfullt tiltak i møte med pasientar på sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens.

Nøkkelord: sjukeheim, åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens, utfordrande åtferd, demens, musikk

Abstract

Background: In Norway there is about 66 000 people suffering from dementia. This number is expected to double within the year 2040, and this development represents challenges for the national health service (Helse- og omsorgsdepartementet 2007). With most patients suffering from dementia there will sooner or later appear behavioral and psychological symptoms (Rokstad 2008a, 27-45). Therapeutic use of music is perhaps the most common and best researched non-medication intervention at nursing homes (Myskja 2005).

Aim: The aim of this systematic literature review was to investigate how music can be applied in a therapeutic way when facing patients in nursing homes who have behavioral and psychological symptoms in dementia.

Method: This paper is a systematic literature review. The review builds upon four qualitative and ten quantitative research articles.

Results: Individualized music, singing during care situations and musical group activities seems to have had a positive influence on behavioral and psychological symptoms in dementia. The occurrence of agitated behavior, apathy, anxiety and depression seemed to be reduced with the therapeutic use of music.

Conclusion: The results in this systematic literature review suggests that therapeutic use of music is a functional intervention when facing patients in nursing homes that have behavioral and psychological symptoms in dementia.

Keywords: nursing home, behavioral and psychological symptoms in dementia, challenging behavior, dementia, music

Innhold

1.0 Innleiing	1
1.1 Hensikt	1
1.2 Problemstilling	2
1.3 Omgrepsavklaring	2
1.4 Avgrensing	2
2.0 Teoribakgrunn	3
2.1 Demens.....	3
2.2 Åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens.....	3
2.3 Grunnleggande psykologiske behov	5
2.4 Sjukepleiaren si rolle på sjukeheim	6
2.5 Musikk i helsevesenet	7
3.0 Metodebeskriving	9
3.1 Inklusjonskriterium	9
3.2 Litteratursøk.....	10
3.2.1 Utarbeiding av PI-skjema	10
3.2.2 Databasar	11
3.2.3 Framgangsmåte ved søking.....	11
3.2.4 Søkjehistorikk.....	12
3.3 Kvalitetsvurdering.....	13
3.4 Etsiske omsyn.....	14
3.4.1 Ærlegdom og god referanseskikk	14
3.4.2 Informert samtykke og godkjenning frå etiske komitéar i inkluderte artiklar	14
3.5 Eksklusjon av artiklar	16
3.6 Analyse	18
4.0 Resultat	19
4.1 Terapeutisk bruk av musikk i gruppe.....	19
4.1.1 Terapeutisk bruk av musikk i gruppe såg ut til å redusera førekomsten av åtferdsmessige symptom ved demens.....	19
4.1.2 Terapeutisk bruk av musikk i gruppe såg ut til å redusera førekomsten av depresjon og angst hjå pasientar med demens.....	20
4.2 Song under stell	20
4.2.1 Song under stell såg ut til å redusera førekomsten av agitert åtferd.....	20
4.3 Individualisert musikk.....	22
4.3.1 Individualisert musikk såg ut til å redusera førekomsten av agitert åtferd hjå pasientar med demens.....	22
4.3.2 Individualisert musikk såg ut til å redusera førekomsten av angst og depresjon hjå pasientar med demens.....	23
4.4 Ikkje-individualisert bakgrunnsmusikk	24
4.4.1 Ikkje-individualisert bakgrunnsmusikk såg ikkje ut til å redusera førekomsten av agitert åtferd.....	24
5.0 Diskusjon	25
5.1 Metodediskusjon	25
5.1.1 Kriterium for inklusjon av artiklar	25
5.1.2 Søkjestrategi	26
5.1.3 Kvalitetsvurdering og etiske omsyn.....	26
5.1.4 Inkluderte forskingsartiklar	27

5.1.5 Analyse.....	27
5.2 Resultatdiskusjon	28
5.2.1 Individualisert musikk – ein nøkkel inn til meningsfulle minner	28
5.2.2 Musikalsk fellesskap	30
5.2.3 Song under stell	31
5.2.4 Varsemd ved bruk av musikk.....	33
5.2.5 Terapeutisk bruk av musikk i sjukeheimspraksis	34
6.0 Konklusjon.....	37
6.1 Forslag til vidare forskning	38

Litteraturliste

Vedlegg 1: PI-skjema

Vedlegg 2a: Søkjehistorikk, søk 1

Vedlegg 2b: Søkjehistorikk, søk 2

Vedlegg 2c: Søkjehistorikk, søk 3

Vedlegg 3: Inkluderte forskingsartiklar

Vedlegg 4: Ekskluderte forskingsartiklar

Vedlegg 5: Oversikt over forskingsartiklar som svarar til ulike funn

1.0 Innleiing

Ein reknar med ein kraftig vekst i aldersgruppa over 80 år dei komande åra. Ei slik auke vil føra til høgare førekomst av sjukdomar som hyppigast oppstår i høg alder, som til dømes demens. Helse- og omsorgsdepartementet anslo i 2007 at det var om lag 66 000 personar med demens i Noreg. Dersom førekomsten av demens i ulike aldrar held seg stabil, vil dette talet auka til om lag 135 000 innan 2040. I *Demensplan 2015 – Den gode dagen* kjem det fram målsettingar om at kunnskapsgrunnlaget for å utvikla gode tiltak og tenestetilbod i demensomsorga skal styrkast vesentleg gjennom forskning og utviklingstiltak. Det skal utviklast gode miljøterapeutiske tiltak og nytteverdien av desse skal vurderast (Helse- og omsorgsdepartementet 2007).

Demens er den hyppigaste årsaka til innlegging i sjukeheim. 75-80 prosent av pasientane som bur på sjukeheim har demens (Engedal 2008). Selbæk, Kirkevold og Engedal (2006) fann i eit norsk prevalensstudium at 89 prosent av sjukeheimsbebuarar med demens¹ hadde åtferdsmessige eller psykologiske symptom. I same pasientgruppe, brukte 75 prosent psykofarmaka (Selbæk, Kirkevold og Engedal 2006). Ikkje alle åtferdsmessige og psykologiske symptom kan eller bør behandlast med legemiddel. Sidan eldre har økt risiko for å få biverknadar, må medikamentell behandling skje med varsemd. Før ein tyr til medikamentell behandling bør ikkje-medikamentelle tiltak prøvast (Engedal 2008). Terapeutisk bruk av musikk er kanskje det mest utbreidde og best undersøkte ikkje-medikamentelle behandlingstiltaket på sjukeheimar (Myskja 2006).

1.1 Hensikt

Hensikta med dette systematiske litteraturstudiet var å undersøkje korleis musikk kan nyttast på ein terapeutisk måte i møte med pasientar i sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens.

¹ Pasientar som i fylje vurdering med Clinical dementia rating (CDR) hadde demens

1.2 Problemstilling

Korleis verkar ulike former for terapeutisk bruk av musikk inn på pasientar i sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens?

1.3 Omgrepsavklaring

Med *åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens* meinast dei åtferdsendingane og psykologiske endringane som opptrer som ein del av symptombiletet ved demens (Rokstad 2008b, 180-206). *Terapeutisk bruk av musikk* har me valt å definera som bruk av musikk med målsetting om å fremja helse eller lindra symptom.

1.4 Avgrensing

For å avgrensa oppgåva har me valt å utelukka psykotiske symptom ved demens.

2.0 Teoribakgrunn

2.1 Demens

Demens er ei samlenemning på fleire ulike erverva sjukdomstilstandar i hjernen, som fører til kognitiv svikt, sviktande emosjonell kontroll og sviktande evne til å utføra daglege gjeremål (Engedal 2008).

I fylgje Engedal (2008) kan sjukdomane som gir demens delast inn i tre hovudgrupper; degenerative demenssjukdomar, vaskulær demens og sekunder demens. Alzheimers sjukdom og frontotemporallappdemens er døme på degenerative demenssjukdomar. Vaskulær demens skuldast sjukdom i hjernens blodkar. I hovudgruppa, sekundær demens, finn me demens som skuldast andre tilstandar, som til dømes encephalitt eller alkoholmisbruk. Dei hyppigaste sjukdomane som gir demens er Alzheimers sjukdom og vaskulær demens. Alzheimers sjukdom utgjer om lag 60% av alle demenstilfella, medan vaskulær demens utgjer 10-20 %. I mange tilfelle opptre desse sjukdomane saman (Engedal 2008). Olsen (2007, 23-66) skriv at dei fleste demenstypar har eit forløp som i gjennomsnitt går over ti år. I løpet av desse åra svekkast hjernen gradvis, og demenssjukdomen vil stadig få større innverknad på personen sitt liv (Olsen 2007, 23-66). Ein kan dela denne utviklinga inn i tre hovudfasar med mild, moderat og alvorleg demens (Engedal 2008). Selbæk, Engedal og Kirkevold (2006) fann at 81 prosent av dei 1163 sjukeheimsbebuarane som deltok i studiet hadde demens, i fylgje vurdering med Clinical Dementia Rating. Likevel hadde berre 55 prosent av desse ein demensdiagnose (Selbæk, Engedal og Kirkevold 2006). Dette kan tyda på at demens er underdiagnostisert på norske sjukeheimar.

2.2 Åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens

Dei siste åra har det vore ei aukande interesse for dei åtferdsmessige og psykologiske symptomta som kan oppstå ved demens (Selbæk 2008, 51-62). Slike symptom kan førekomma i alle fasar i sjukdomsforløpet, men tendensen er at dei vert meir framtrudande etter kvart som demenssjukdomen utviklar seg (Engedal 2008). Selbæk, Kirkevold og Engedal (2006) fann ein signifikant samanheng mellom grad av demens og

førekost av åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens. Medan førekosten av åtferdsmessige og psykologiske symptom av klinisk betydning var på 55 prosent i pasientgruppa som vart vurdert til å ha mild demens, var den på 84 prosent i pasientgruppa som hadde alvorleg demens. Samanlagt hadde 89 prosent av pasientane med demens åtferdsmessige og psykologiske symptom, og hjå 72 prosent var desse symptoma av klinisk betydning. Av pasientane utan demens hadde 38 prosent åtferdsmessige og psykologiske symptom av klinisk betydning (Selbæk, Kirkevold og Engedal 2006).

Angst og depresjon er blant dei vanlegaste psykologiske symptoma ved demens (Engedal 2008). I studiet til Selbæk, Kirkevold og Engedal (2006) hadde 22 prosent av pasientane med demens depresjon og 22 prosent hadde angst (Selbæk, Kirkevold og Engedal 2006). Frykt er eit naturleg fenomen som vernar oss mot fare ved at kroppen vert meir på vakt. Når frykta oppstår tilsynelatande utan grunn, vert det kalla angst (Snoek og Engedal 2008). Ifylje Hummelvoll (2004) dreiar angst seg om ein innbilt eller reell trussel. Desto større trusselen er, desto sterkare vert angstopplevinga (Hummelvoll 2004). Med sviktande eigenomsorgsevne og nedsett evne til å halda oversikt over eigen situasjon, er pasientar med demens svært utsett for å oppleva angst. I situasjonar der dei ikkje forstår kva som føregår, kan somme oppleva ei panikkliknande angst, som vert kalla katastrofereaksjon. Dette kan komma til uttrykk i aggressivitet eller at pasienten flyktar unna (Engedal 2008). Ordet depresjon kjem frå latin, og betyr nedtrykking (Hummelvoll 2004). Engedal (2008) skriv at både psykologiske og biokjemiske faktorar kan bidra til depresjon. Dei biokjemiske faktorane kan koma av endringar i samspelet mellom ulike signalsubstansar i hjernen. I tillegg er depresjon ofte relatert til tap. Pasientar med demens har ofte opplevd mange tap, som til dømes tap av meistringsevne og tap av personar som stod dei nær. Hjå pasientar med mild demens er symptombiletet ved depresjon ganske likt som hjå personar utan demens. Ved moderat og alvorleg demens derimot, kan depresjon vera vanskeleg å avdekka. Det er mogleg at sinne, irritabilitet og uro kan vera uttrykk for depresjon (Engedal 2008).

Ifylje Rokstad (2005) er fysisk aggresjon, irritabilitet, vandring og rastlause dei mest vanlege åtferdsmessige symptoma ved demens. Uro, rastlaus gange, roping og manglande seksuelle hemningar vert omtalt som “ganske vanleg” (Rokstad 2005). I Selbæk, Kirkevold og Engedal (2006) sitt studium kom det fram at aggresjon/agitasjon førekom hjå 27 prosent av pasientane med demens, apati hjå 29 prosent, irritabilitet hjå 29 prosent og

avvikande motorisk åtferd hjå 21 prosent (Selbæk, Kirkevold og Engedal 2006). Åtferdsmessige symptom ved demens er i store delar av faglitteraturen me har brukt, omtalt under omgrepet *utfordrande åtferd*. Åtferd er eit uttrykk for personlege opplevingar, og det er difor hensiktsmessig å forstå utfordrande åtferd som uttrykk for ein lite tilfredsstillande livssituasjon (Rokstad 2005).

2.3 Grunnleggande psykologiske behov

Kitwood (1999) meiner at menneske med demens, i likskap med andre menneske, har fem grunnleggande psykologiske behov. Med grunnleggande behov meinast “det, foruden opfylelse af hvilket et menneske ikke kan fungere som en person, end ikke i minimal forstand” (Kitwood 1999, 89). Dei fem grunnleggande psykologiske behova han presenterer er behov for trøyst, tilknytning, inklusjon, sysselsetjing (“occupation”) og identitet. Desse behova overlappar kvarandre og møtest i eit sentralt behov for kjærleik (Kitwood 1999).

Trøyst inneberer ømheit, nærleik og lindring av smerte, sorg og engstelse. Med sin nærleik bidreg den som trøystar til ei oppleving av heilskap, samt styrke og varme som skapar tryggleik. Pasientar med demens må ofte forholde seg til mange tap, som til dømes det å mista sine kjære og at evner dei hadde tidlegare sviktar. Ein kan difor anta at desse pasientane har eit stort behov for trøyst. I utgreiinga om behovet for *tilknytning* trekk Kitwood (1999) fram John Bowlby (1979) si forståing av omgrepet. Det å knyta seg til andre menneske er eit universelt fenomen. Tilknytning skapar eit sikkerheitsnett, og utan dette er det vanskeleg å fungera skikkeleg (Bowlby 1979 gjengitt i Kitwood 1999). Livet til pasientar med demens er ofte prega av usikkerheit og bekymringar. Ein kan anta at behovet for tilknytning vedvarar hjå pasientar med demens. Det å *vera inkludert* i ei gruppe er eit essensielt behov hjå menneske. Såkalla merksemdsøkjande åtferd kan vera uttrykk for dette behovet hjå pasientar med demens. Dersom behovet for inklusjon ikkje vert ivareteke, kan det føra til at personen trekk seg tilbake. Behovet for *sysselsetting* vert dekkja ved at ein er involvert i livsprosessen på ein måte som vert opplevd som meiningsfull for den enkelte. Når behovet for å vera sysselsatt ikkje vert ivareteke fører det til at både evner og sjølvverd vert redusert. Ein kan sjå uttrykk for dette behovet hjå pasientar med demens, til dømes når dei uttrykkjer at dei ynskjer å hjelpa til med ulike

gjeremål. Det å ha *identitet* vil sei at ein veit kven ein er, både på kognitivt og emosjonelt plan. Dette inneberer ei oppleving av samanheng og kontinuitet med fortida. Ved demens kan denne identitetskjenninga svekkast med tida (Kitwood 1999).

Kitwood (1999) meiner at demensomsorga si primære oppgåve er å bidra til å oppretthalda identiteten og velværa til den enkelte. Når kognitiv svikt fører til at ein pasient ikkje lenger greier å halda fast på kontinuiteten og samanhengen i si livshistorie, kan andre hjelpa han å oppretthalda identiteten. For å bidra til dette er det viktig at ein har detaljert kjennskap til pasienten si livshistorie. Ein må òg ha empati med pasienten. Som nemnt, overlappar dei grunnleggjande psykologiske behova kvarandre. I tillegg påverkar dei kvarandre, slik at når ein får oppfylt eitt grunnleggjande behov kan det føra til at ein òg greier å dekkja eit anna grunnleggjande behov. Som døme på dette kan ein tenkja seg at ein pasient med demens får dekkja behovet for tilknytning. Dette skapar tryggleik, slik at pasienten vert mindre distrahera av angst. Dermed har han kapasitet til å retta merksemda si mot aktivitetar som bidreg til å dekkja behovet for sysselsetting. Sysselsetting, gjennom meiningsfull involvering i livsprosessen, kan bidra til å styrka identitetskjenninga (Kitwood 1999).

Kitwood (1999) meiner at “problematisk”, eller utfordrande, åtferd bør forståast som eit teikn på manglande behovsoppfylting. Ved at grunnleggjande behov vert oppfylt, hevdar han at pasienten kan koma ut av negative kjensler, som frykt, sorg og sinne (Kitwood 1999).

2.4 Sjukepleiaren si rolle på sjukeheim

I “Rammeplan for sykepleierutdanning” kjem det fram at “Sykepleiere har ansvar for å organisere og lede sykepleietjenesten på ulike nivåer innanfor egen virksomhet og på tvers av ulike helsetjenestetilbud” (Kunnskapsdepartementet 2008, 7). Hauge (2008, 219-236) skriv at sjukepleiaren er den som har høgast kompetanse i det daglege arbeidet på sjukeheimar. Sjukepleiaren har difor eit spesielt ansvar for kvaliteten på det samla tenestetilbodet. Dette ansvaret inneberer mellom anna å leia pleieteamet og å sikra at det vert utvikla og haldt ved like eit aktivt fagmiljø. Det å leia pleieteamet inneberer å fordela arbeidsoppgåvene blant det pleiepersonale som er på jobb. Arbeidsoppgåvene bør fordelast på ein slik måte at personalet sin kompetanse vert utnytta best mogleg i forhold til

pasientane sine ulike behov. For å bidra til eit aktivt fagmiljø bør sjukepleiaren sikra at ufaglærte får den opplæringa som trengst for å gi god og forsvarleg pleie. Den sjukepleia som vert gitt skal vera kunnskapsbasert, og sjukepleiaren bør ta initiativ til faglege diskusjonar. I sjukeheimane er det ofte stort behov for meir systematisk fagutvikling. Dette kan i praksis dreia seg om å gjera små endringar eller å prøva ut nye tiltak når ein møter utfordringar i arbeidsdagen som ikkje vert løyst på ein tilfredsstillande måte (Hauge 2008, 219-236). Orvik (2004) skriv at sjukepleie handlar om å betra forhold ved pasienten si helse og livskvalitet. Difor er endring noko av kjerna i sjukepleie. Endringskompetanse inneberer alt frå raske fokusskifter i det daglege til leing av større betringstiltak. Endringar som er meningsfulle og godt planlagde kan gi føring for verkeleg betring av praksis (Orvik 2004).

I fylgje Kirkevold og Brodtkorb (2008) er systematisk og heilskapleg kartlegging naudsynt for å identifisera pasienten sitt sjukepleiebehov og gi individualisert sjukepleie. I tillegg til å ha kjennskap til pasienten sine sjukdomar og helsetilstand, må sjukepleiaren kjenna til pasienten sin livssituasjon og livshistorie. Dette er av betydning for at sjukepleiaren skal kunna bidra til å oppretthalda pasienten sin identitet og sjølvrespekt, noko som er sær viktig i arbeid med pasientar som har kognitiv svikt (Kirkevold og Brodtkorb 2008, 111-122).

I fylgje Helsepersonelloven (1999) § 39, har den som gir helsehjelp plikt til å dokumentera opplysningar i ein journal for den enkelte pasient. I § 40 står det at pasientjournalen skal innehalda alle dei opplysningane som er relevante og naudsynte om pasienten og om den helsehjelpa som vert gitt (Helsepersonelloven 1999). Sjukepleiedokumentasjon er både viktig og naudsynt av fleire grunnar. Det synleggjer fagleg ansvar, sikrar kvalitet og kontinuitet i pleia, fungerer som eit kommunikasjonsmiddel og gir grunnlag for leing og ressursstyring (Heggdal 2006).

2.5 Musikk i helsevesenet

I dei fleste kulturar har musikk og legekunst hatt eit sterkt samband i lange tider. På 1400-1500-talet måtte ein ved fleire medisinske fakultet ha gjennomført musikkstudiet for å i det heile tatt koma inn på medisinstudiet. Frå renessansen vart musikk og medisin gradvis

meir avskilt (Myskja 2007a, 59-65). Interesse for musikk innan sjukepleia ser ut til å ha gått i bølger. Ein kan med andre ord ikkje finna ein jamn auke eller reduksjon i musikkinteressa i sjukepleia gjennom tidene. Men me veit at fram til andre verdskrig hadde enkelte sjukepleieskular i Noreg songundervisning på timeplanen. Dette hadde kanskje utgangspunkt i den kristne allmennutdanninga, men ein finn òg beskrivingar av dei terapeutiske verknadane ved bruk av musikk (Aasgard 2006, 31-51). I 1929 skreiv songlærerinna ved Meninghetssøsterhjemmet i Oslo, Sara Rømcke, fyljande:

Denne musikkterapien er avpasset efter de forskjellige tilstande. Tonene går dit, hvor verken røntgenstråler, medisin eller kniv kan utrette noget, – helt inn til sjeleskaden, sinnslidelsen, det dypeste i vårt vesen, det man ikke kan ta og føle på. De gir utløsning for en stemning der inne og kan virke befriende og stimulerende. La oss komme den syke til hjelp her! (Rømcke 1929, 93, gjengitt i Aasgard 2006, 31-51, 35)

Dei siste åra har det skjedd ei utvikling som har gjort at terapeutisk bruk av musikk har fått større plass i helsevesenet. Me har fått økt forståing for at musikk kan nyttast som eit terapeutisk tiltak. I tillegg er det utvikla musikkterapeutiske metodar som kan nyttast av personar utan musikkfagleg kompetanse (Myskja 2007b, 56-58). Likevel meiner Myskja (2006) at bruken av musikk på institusjonar er prega av manglande fagleg konsensus. Det finst ingen konsensus for korleis musikk bør integrerast i helsevesenet eller kva for musikktiltak pleiepersonale kan og bør utøva (Myskja 2006).

Myskja (2006) skil mellom musikkterapi og musikkmedisin. *Musikkterapi* vert definert som bruk av musikk og musikkaktivitetar for å oppnå individuelle ikkje-musikalske målsettingar for ein klient eller ei gruppe. Det vert utført av personar med spesiell musikkterapeutisk kompetanse. *Musikkmedisin*, derimot, vert utført av helsepersonell på institusjonar. Det inneberer at musikk vert brukt som eit symptomlindrande tiltak. I praksis er skilnadane mellom desse to formene mindre tydelege. Men musikkterapeutar nyttar ein del metodar, til dømes improvisasjon, som krev spesialkompetanse. Det vert òg skilt mellom aktive og passive teknikkar. Dei aktive teknikkane går ut på å stimulera til uttrykk og kommunikasjon. Ved bruk av passive teknikkar legg ein meir vekt på lytting og stressredusering (Myskja 2006).

3.0 Metodebeskriving

I retningslinjene for bacheloroppgåva, “SAE00 Bacheloroppgave i sykepleie 15 sp”, står det at avsluttande bacheloreksamen skal vera i form av eit systematisk litteraturstudium (Johansson et al. 2011). Forsberg og Wengström (2008) trekk fram Mulrow og Oxman (1997) si definisjon på kva eit systematisk litteraturstudium er. Det tek utgangspunkt i ei problemstilling som er tydeleg formulert. For å svara på problemstillinga vert relevant forskning identifisert, utvalt, vurdert og analysert på ein systematisk måte (Mulrow og Oxman 1997 gjengitt i Forsberg og Wengström 2008). I dette kapittelet vert det gjort greie for korleis denne prosessen har gått føre seg.

3.1 Inklusjonskriterium

For ytterlegare spesifisering av problemstillinga, bør eit systematisk litteraturstudium ha tydelege kriterium for inklusjon og eksklusjon av artiklar (Statens beredning för medicinsk utvärdering 2011).

Forskningsartiklane som skulle inkluderast skulle *svara på problemstillinga* i dette studiet: Korleis verkar ulike former for terapeutisk bruk av musikk inn på pasientar i sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens? *Alle former og grader av demens* var inkludert i studiet. Dette fordi eksklusjon av nokre former eller grader av demens kunne avgrensa artikkelsøkinga for mykje. Ifylgje Myskja (2009) er det få fagartiklar som undersøker effekten av musikk der det vert skilt mellom typar og grader av demens (Myskja 2009). Dette kan tyda på at det finst lite forskning på terapeutisk bruk av musikk der typar og grader av demens er spesifisert. Deltakarane i forskingsstudiane skulle bu på *sjukeheim*, men det var ikkje sett krav om at dei skulle bu på avdelingar spesielt for pasientar med demens. Berentsen (2008, 350-382) skriv at 70-80 % av alle sjukeheimbebuvarar har demens (Berentsen 2008, 350-382). Berre 22,6 % av alle sjukeheimsplassar i Noreg i år 2010 var på skjerma avdeling for personar med demens (Statistisk sentralbyrå 2011). Altså vil ein stor del av sjukeheimsbebuvarane med demens vera å finna i andre avdelingar. I utgangspunktet var det tenkt at me skulle ekskludera artiklar der musikkintervensjonane var utført av personar med spesiell musikkfagleg

utdanning. For å få fleire artiklar som tok for seg terapeutisk bruk av musikk i gruppe gjekk me vekk frå dette eksklusjonskriteriet. *Alle aldrar* var inkludert i studiet, men demens opptrer hyppigast i alderdomen. Ifylgje Rokstad (2008b, 27-45) er berre 2-3 % av alle som har demens under 65 år (Rokstad 2008a, 27-45).

Forskinga skulle vera presentert i ein *vitskapleg tidsskriftsartikkel*. I fylgje Forsberg og Wengström (2008) kjenneteiknast slike artiklar ved at (1) dei er tilgjengelege for andre forskarar og interesserte i ulike databasar, (2) det er primærpublisering av originalarbeid og (3) dei er fagfellevurdert. Fagfellevurdering vil sei at vitskaplege granskarar studerer forskingsartikkelen og tilrår eller frårår publisering (Forsberg og Wengström 2008). I utgangspunktet var det bestemt at artiklane skulle vera *publisert frå og med år 2006 til og med år 2011*. Dette fordi litteraturstudiet skulle baserast på så ny forskning som mogleg. På grunn av at me ynskte å finna fram til meir kvalitativ forskning, kom me seinare fram til at kvalitative studiar kunne vera *publisert frå og med år 2001 til og med år 2011*.

Forskingsartiklane skulle vera skrivne på *norsk, dansk, svensk eller engelsk*. Forsberg og Wengström (2008) skriv at ein ivaretek etiske omsyn i eit litteraturstudium mellom anna ved å velja studiar som har fått godkjenning frå etisk komité eller som har gjort greie for etiske vurderingar (Forsberg og Wengström 2008). Me valde difor å inkludera forskingsartiklar som opplyste om at dei var *godkjende av etisk komité*, eller som gjore greie for *etiske vurderingar*. Dei vart kvalitetsvurdert ved hjelp av Willmann, Stoltz og Bahtsevani (2006) sine skjema for kvalitetsvurdering, og måtte ha *kvalitetsgrad 1 eller 2* for å bli inkludert i studiet.

3.2 Litteratursøk

3.2.1 Utarbeiding av PI-skjema

Det å gjera eit systematisk litteratursøk inneberer at ein finn relevante søkjeord og kombinerer desse på ein slik måte at ein får eit handterbart antal referansar (Bjørk og Solhaug 2008). Det vart difor brukt mykje tid på å utvikla gode søkjeord og kombinasjonar av desse. Dette arbeidet starta tidleg i oppgaveprosessen. På dette tidspunktet var det ikkje bestemt korleis tiltak som skulle undersøkast. Etter ein rask gjennomgang av tilgjengeleg litteratur, vart det gjort idémyldring omkring tema. Alle relevante ord vart skrivne opp. For

å systematisera søkeorda vart PICO-strukturen brukt. Bjørk og Solhaug (2008) skriv at PICO er ei forkorting for termene Population/Patient/Problem, Intervention, Comparison og Outcome. Dese termene vert sett inn i eit skjema, og søkjeord plasserast under passende termar (Bjørk og Solhaug 2008).

Under “P” vart det sett to grupper med søkjeord; ei for pasientgruppe (pasientar med demens) og ei for “problem” (åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens). Tiltaka som skulle sjåast nærare på vart plassert under “I”. Mogelege utfall av desse tiltaka vart satt under “O”. Sidan dette litteraturstudiet ikkje har som hensikt å samanlikna terapeutisk bruk av musikk med andre intervensjonar, vart det tidleg bestemt at “C” ikkje skulle nyttast. Etter eit prøvesøk i Ovid MEDLINE(R), med berre 17 treff, vart det klart at søkjeorda og kombinasjonane av desse avgrensa søket for mykje. Me tok difor vekk “O”. Søket ga dermed 77 treff i Ovid MEDLINE(R). Når referansane frå prøvesøka vart gjennomgått, vart det funne ein del nye søkjeord. Etter kvart som det vart bestemt korleis litteraturstudiet skulle avgrensast vart somme søkjeord ekskludert. Før artikkelsøkinga starta for alvor var det endelege PI-skjemaet (vedlegg 1) utarbeida.

3.2.2 Databasar

Etter anbefalingar frå bibliotekar ved Høgskulen i Molde, vart det utført søk i British Nursing Index, Ovid MEDLINE(R), Ovid Nursing Database, PsykINFO og SveMed+ våren og hausten 2011. Same haust vart det òg utført søk i Science Direct, ProQuest Nursing, Idun og NorArt. Men det vart ikkje funne fleire relevante artiklar i nokon av desse databasane.

3.2.3 Framgangsmåte ved søking

Fyrst vart søkjeorda frå PI-skjemaet søkt opp eitt og eitt. Grunnstamma av orda vart brukt, og trunkert ved hjelp av dollarteikn (\$) eller stjerne (*). Dermed fekk me databasane til å søkja etter alle ord som byrja med denne grunnstamma, uavhengig av ending. Til dømes vil søkjeordet “agitat*” famna både “agitation” og “agitated”. I Ovid nytta me emneordsystemet, Medical Subject Headings (MeSH), slik at me fekk opp ord som stod i samanheng med søkjeorda frå PI-skjemaet. Det viste seg at dette ikkje var til nytte, då

grunnstamma av alle dei relevante emneorda som kom opp stod i PI-skjemaet frå før. Emneorda vart difor ikkje vidareført til søket i SveMed+. For å kombinera søkjeorda vart logiske søkjeoperatorar nytta. Bjørk og Solhaug (2008) skriv at den logiske søkjeoperatoren “or” bidreg til breidde i søket, medan “and” snevrar søket inn (Bjørk og Solhaug 2008). Det vart satt “or” mellom søkeord i same gruppe i PI-skjemaet og “and” mellom gruppene. Dermed kom det opp referansar som inneheldt minst eitt av søkjeorda i kvar av gruppene. I databasane i Ovid vart søka avgrensa til det aktuelle tidsrommet og til artiklar skrivne på norsk, svensk, engelsk eller dansk. SveMed+ kunne ikkje tilby dei same moglegheitene for avgrensing, men her vart referansane ordna etter publiseringsår.

Det vart nytta same søkjeord og kombinasjonar av desse i alle søka i dei ulike databasane. På den måten vart søkeshistorikken oversikteleg. Me såg heller ikkje noko behov for å endre søkjeorda eller kombinasjonane av desse, då dei såg ut til å gi eit søk som fanga opp dei fleste relevante artiklar. Under søkinga var me begge til stades, og me gjekk gjennom referansane i fellesskap. Dette for å minska risikoen for at verdifulle referansar skulle verta oversett. Når titlane på artiklane såg ut til å kunne vera av interesse, vart resymeet lest. Dersom artiklane framleis verka relevante, vart dei innhenta i papirformat. Artiklar som var tilgjengelege i fulltekst vart skrivne ut, medan andre artiklar vart bestilt gjennom BIBSYS Ask. Ein del av referansane hadde ikkje tilgjengeleg resymé. Då vart artiklane innhenta i papirformat, dersom tittelen verka interessant. I databasesamlinga, Ovid, var det mogeleg å lagra søkjekombinasjonane. Dette var til stor nytte, sidan det vart utført fleire søk med same søkjeord- og kombinasjonar.

3.2.4 Søkeshistorikk

Totalt vart det utført tre søk i alle databasane. Sidan det vart søkt i British Nursing Index, Ovid Medline(R), Ovid Nursing Database og PsykINFO samstundes, vert desse frå no av omtala som Ovid.

Søk nr. 1 (vedlegg 2 a) vart utført 11. april 2011 både i Ovid og SveMed+. Det ga henholdsvis 169 og 13 referansar. Me var på dette tidspunktet svært uerfarne i det å leita etter artiklar. Difor var terskelen for å skriva ut eller bestilla artiklar låg. Dette forklarar kvifor heile 30 artiklar vart innhenta i papirformat, 26 frå Ovid og 4 frå SveMed+. Som

nemnt i kapittel 3.1, ynskte me å inkludera fleire kvalitative artiklar. 30. august 2011 vart det difor utført eit nytt søk, *søk nr. 2* (vedlegg 2 b), med tidsavgrensing frå år 2001 til år 2005. Dette søket ga 92 referansar i Ovid og tolv i SveMed+. Av desse vart tre artiklar innhenta i papirformat, to frå Ovid og ein frå SveMed+. *Søk nr. 3* (vedlegg 2 c) vart gjort for å undersøka om det var publisert ny forskning etter søk nr.1. Det vart utført 6. september 2011. I Ovid vart det tidsavgrensa til år 2011. Denne gongen kom det opp 35 referansar i Ovid og elleve i SveMed+. Det vart innhenta fem artiklar i papirformat frå Ovid, men ingen frå SveMed+.

3.3 Kvalitetsvurdering

Forskningsartiklane vart kvalitetsvurdert ved hjelp av Willmann, Stoltz og Bahtsevani (2006) sine sjekklister for kvalitetsvurdering av kvalitative og kvantitative artiklar. Sjekklista for kvantitative artiklar inneheld mellom anna spørsmål om pasientane og pleiepersonale var blinda (Willmann, Stoltz og Bahtsevani 2006). Me vurderte det slik at blinding av pasientar og pleiepersonale vanskeleg lar seg gjera i forskning der ein undersøker verknadane av eit miljøtiltak. Difor vart desse to spørsmåla sett vekk ifrå.

I tillegg er det tre spørsmål i sjekklista for kvantitative artiklar som rettar seg spesielt mot randomiserte kontrollerte studiar; om randomiseringsprosedyren var gjort greie for, om gruppene var likeverdige ved start og om deltakarane vart analysert i den gruppa som dei vart randomisert til (Willmann, Stoltz og Bahtsevani 2006). Alle desse spørsmåla vart sett vekk ifrå når det gjaldt studiar som berre undersøkte ei deltakargruppe. Ved ikkje-randomiserte studiar som hadde fleire deltakargrupper og ved “cross-over”-studiar vart det sett vekk ifrå spørsmålet om randomiseringsprosedyren var gjort greie for.

Fyrst kvalitetsvurderte me artiklane kvar for oss. Deretter gjekk me gjennom kvalitetsvurderingane saman. I dei fleste tilfelle samstemde vurderingane våre. I dei tilfella der vurderingane våre ikkje samstemde, såg me på artiklane i fellesskap og diskuterte oss fram til einigheit. Etter Willmann, Stoltz og Bahtsevani (2006) sine anbefalingar vart det rekna ut kor mange prosent av kriteri i sjekklistene som var oppfylt. Ut ifrå denne prosentandelen fekk artiklane kvalitetsgrad 1 (80-100 prosent), 2 (70-79 prosent) eller 3 (60-69 prosent).

For å sikra at artiklane var fagfellevurdert vart tidsskrifta dei var publisert i søkt opp i Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste sitt register over autoriserte vitenskaplege publiseringskanalar. Det kom fram at alle artiklane var henta frå tidsskrift som var godkjende som vitenskaplege publiseringskanalar med rutinar for fagfellevurdering (Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste 2011).

3.4 Ethiske omsyn

3.4.1 Ærlegdom og god referanseskikk

Gustafsson, Hermerén og Petersson (2005) skriv at ærlegdom er eit krav til all forskning. Vitenskapleg uærlegdom inneberer mellom anna å stela andre sine idèar eller data, forfalsking eller diktning av data og plagiat av andre sine tekstar (Gustafsson, Hermerén og Petersson 2005). Under “Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring”, i starten av denne oppgåva, har me mellom anna erklært at oppgåva er vårt eige arbeid, at me ikkje refererer til andre sitt arbeid utan at dette er oppgitt og at alle referansane er med i litteraturlista. Gjennom heile oppgåveprosessen hadde me fokus på at det skulle refererast riktig til dei kjeldene me brukte. I to av kjeldene var det ikkje oppgitt nok informasjon til å gi fullstendig referanse, noko som vert gjenspegla i referanselista. Der sekundærkjelder er nytta, kjem dette fram i teksten. Forsberg og Wengström (2008) seier at ein skal gjera greie for alle inkluderte studiar, samt arkivera desse i ti år. Alle relevante resultat skal presenterast – ikkje berre dei som støttar forfattarane sine synspunkt eller hypotesar (Forsberg og Wengström 2008). For å vera så objektive som råd under litteratursøkinga, utvelginga av artiklar og identifiseringa av nøkkelfunn, vart dette gjennomført på ein systematisk måte. Me hadde klare kriterier for kva for artiklar som skulle inkluderast og var bevisste på at alle funn som svarte på problemstillinga skulle presenterast.

3.4.2 Informert samtykke og godkjenning frå etiske komitéar i inkluderte artiklar

Forsberg og Wengström (2008) seier òg at ein må velja forskingsstudiar som har fått godkjenning frå etisk komité eller som gjer greie for etiske vurderingar (Forsberg og Wengström 2008). Når ein forskar på menneske må ein ivareta enkeltindivid sin integritet

og velferd. For å sikra dette bør forskinga skje i samsvar med bestemte retningslinjer. Den viktigaste av desse retningslinjene er Nürnbergkoden, seinare vidareført i Helsinkideklarasjonen (Dalland 2007). I Noreg har me fire regionale forskingskomitear som vurderer medisinske og helsefaglege forskingsprosjekt (Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK) 2011a). Dei tek utgangspunkt i retningslinjene frå Helsinkideklarasjonen, i tillegg til ei rekke andre retningslinjer og lover (REK 2011b). 13 av dei 14 artiklane som vart inkludert i dette systematiske litteraturstudiet hadde fått godkjenning av etisk komité. I den artikkelen der forfattarane ikkje nemnte noko om dette, var det gjort greie for etiske vurderingar og omsyn som var tatt under forskinga. Det var mellom anna oppgitt at pasientane sjølv eller pårørande hadde gitt informert samtykke.


I fylje Forskningsetiske komiteer (2009) inneberer god forskingspraksis at det vert innhenta fritt og informert samtykke frå deltakarane. At samtykket er fritt vil sei at deltakarane ikkje har blitt urimeleg påverka til å delta i forskingsstudiet. Når det gjeld forskning på institusjonar, som til dømes på sjukeheim, kan det vera utfordrande å ivareta frivilligheita i samtykket. Deltakarane må vera informert om at dei når som helst kan trekka seg, utan at det skal ha negative konsekvensar for dei. At samtykket er informert inneberer at deltakarane har fått forståeleg informasjon om kva forskinga går ut på, kven som står for finansieringa og korleis konsekvensar forskinga kan ha for deltakarane. Når det gjeld deltakarar som har redusert eller manglande samtykkekompetanse, som til dømes somme pasientar med demens, gjeld spesielle retningslinjer (Forskningsetiske komitéer 2009). Samtykkekompetansen kan ifylje Pasientrettighetsloven (1999) § 4-3 falla heilt eller delvis bort mellom anna hjå pasientar med “senil demens” som openbart ikkje forstår kva samtykke inneberer (Pasientrettighetsloven 1999). I Helseforskningsloven (2008) § 18 står det at forskning som inkluderar personar utan samtykkekompetanse berre kan utførast dersom:

- a) eventuell risiko eller ulempe for personen er ubetydelig,
- b) personen selv ikke motsetter seg det
- c) det er grunn til å anta at resultatene av forskningen kan være til nytte for den aktuelle personen eller for andre personer med samme aldersspesifikke lidelse, sykdom, skade eller tilstand (Helseforskningsloven 2008 § 18).

I elleve av artiklane som vart inkludert var det opplyst om at pasienten sjølv eller pårørande hadde gitt informert samtykke. Dei tre artiklane som ikkje opplyste om dette, hadde fått godkjenning frå etisk komité. I tillegg deltok pårørande aktivt i førebuinga av intervensjonane i to av desse artiklane. Det kan difor tenkjast at pårørande hadde samtykka, sjølv om dette ikkje var oppgitt i artiklane.

3.5 Eksklusjon av artiklar

Etter søk nr. 1 var det innhenta 30 artiklar. Av desse vart 19 ekskludert; ti fordi dei ikkje svarte på problemstillinga, tre fordi forskinga ikkje var utført på sjukeheim, tre fordi dei var litteraturstudium, to fordi dei hadde dårleg kvalitet og ein fordi det var ein forskingsrapport. Søk nr. 2 ga oss tre artiklar. Ein av desse vart ekskludert fordi den ikkje svarte på problemstillinga. Ved søk nr. 3 vart det innhenta fem nye artiklar. Fire av desse vart ekskludert; tre fordi dei hadde for lav kvalitet og ein fordi forskinga ikkje var utført på sjukeheim. Totalt satt me att med 14 artiklar (vedlegg 3). Ti av desse var kvantitative og fire var kvalitative. Prosessen der me innhenta og ekskluderte artiklar er illustrert i figur 1. Forsberg og Wengström (2008) viser til Hearn et al. (1999), som seier at eit systematisk litteraturstudium bør innehalda ein presentasjon av alle ekskluderte artiklar, samt ei grunngiving for kvifor desse ikkje er tekne med (Hearn et al. 1999 gjengitt i Forsberg og Wengström 2008). Det er difor lagt ved ei oversikt over alle ekskluderte artiklar, der det òg er gjort kort greie for kvifor kvar einskild av desse vart ekskludert (vedlegg 4).



Figur 1: Innhenting og eksklusjon av artiklar

3.6 Analyse

For å få ein systematisk analyseprosess valde me å ta utgangspunkt i Evans (2002) sine fire steg, som inneberer å; (1) samla forskingsartiklar, (2) identifisera nøkkelfunn i kvar enkelt artikkel, (3) finna tema på tvers av artiklane og (4) samla funna og utvikla ei beskriving av fenomenene (Evans 2002).

Fyrste steg, innsamling av forskingsartiklar, er allereie omtalt i delkappitle ovanfor. For at ingen relevante funn skulle bli oversett, valde me å *identifisera nøkkelfunn i kvar enkelt artikkel* kvar for oss. Me skreiv nøkkelfunna inn i kvart vårt Microsoft Word-dokument og skreiv ut dokumenta. I eit av dokumenta var funna betre organisert enn i det andre, og me bestemde oss difor for å bruke dette som hovuddokument. Me markerte funn i det andre dokumentet som ikkje var tatt med i hovuddokumentet og la desse til. Hovuddokumentet vart så skrive ut, og funna vart klipt opp kvar for seg.

Lappane vart lagt utover eit bord og me begynte å *leita etter tema*. Etter kvart kom me fram til at me ville inndela i hovudtema etter korleis musikkintervensjon som var undersøkt. Lappane som hørde til ulike hovudtema vart merka med ulike fargar. Deretter starta arbeidet med å dela funna i hovudtemaa inn i mindre undertema. Her vart det naturleg å inndela etter korleis symptom intervensjonane var retta mot. Lappane vart no merka med endå ein farge, som markerte kva undertema dei høyrde til. Så vart undergruppene samla i kvar sine konvoluttar, merka med kva hovud- og undertema dei tilhørde. Microsoft Word-dokumentet vart teke fram att, og funna her vart samla etter hovudtema og undertema, slik som i konvoluttane.

Deretter starta arbeidet med å *samanfatta funna* i kvart undertema til ein samanhengande heilskap. Til slutt laga me overskrifter som ga ei beskriving av innhaldet i kvart hovud- og undertema. Etter at arbeidet med analysen var ferdig, vart det laga ein oversikt over kva for artiklar som svarte til ulike funn (vedlegg 5).

4.0 Resultat

Hensikta med dette systematiske litteraturstudiet var å undersøkje korleis musikk kan nyttast på ein terapeutisk måte i møte med pasientar i sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens. Dette ville me finna svar på gjennom problemstillinga:

Korleis verkar ulike formar for terapeutisk bruk av musikk inn på pasientar i sjukeheim med åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens?

4.1 Terapeutisk bruk av musikk i gruppe

4.1.1 Terapeutisk bruk av musikk i gruppe såg ut til å redusera førekomsten av åtferdsmessige symptom ved demens

Forskinga viste at musikkaktivitetar i gruppe kunne bidra til mindre åtferdsmessige symptom hjå pasientar med demens (Lin et al. 2010, Raglio et al. 2008, Sung et al. 2006 og).

Raglio et al. (2008) fann at non-verbale musikkaktivitetar i gruppe, med bruk av rytmiske og melodiske instrument ga ein signifikant reduksjon av åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens etter 8 veker, og ein ytterlegare reduksjon etter 16 veker. Dette gjeldt spesielt symptom som apati, agitasjon, irritabilitet, avvikande motorisk åtferd og nattlege åtferdsforstyringar. Ein såg ikkje den same reduksjonen i kontrollgruppa, som var med på andre aktivitetar, til dømes kortspel og avislesing (Raglio et al. 2008). I studiet til Sung et al. (2006) vart det funne at gruppetimar med musikk i kombinasjon med rørsle reduserte førekomsten av agitert åtferd hjå pasientar med demens signifikant. Denne reduksjonen var signifikant større enn den ein såg i kontrollgruppa, som fekk vanleg pleie. Det vart nytta velkjent musikk i moderat rytme og tempo (Sung et al. 2006). Også Lin et al. (2010) fann at terapeutisk bruk av musikk i gruppe kunne bidra til å redusera agitert åtferd (Lin et al. 2010). I eit studium der effekten av musikk på apati hjå pasientar med demens vart undersøkt, fann Holmes et al. (2006) at det var ei signifikant auke av positivt engasjement under økter med levande musikk i gruppe. Det kom fram at innspelt musikk

var mindre effektivt enn levande musikk. Når innspelt musikk vart samanlikna med stillheit, fann ein ingen signifikant forskjell på engasjementet hjå pasientane (Holmes et al. 2006).

Effekten gruppemusikk hadde på agitasjon såg ut til å vara i minst fire veker etter at intervensjonen var avslutta (Lin et al. 2010, Raglio et al. 2008).

4.1.2 Terapeutisk bruk av musikk i gruppe såg ut til å redusera førekomsten av depresjon og angst hjå pasientar med demens

